

Berga plassen etter overtidsdrama!

Skrive av administrator

laurdag 19. oktober 2019 16:11 - Sist oppdatert måndag 30. desember 2019 15:47



18 sekund på overtid heada Vegar Skare inn 3-3 mot Åndalsnes i ein høgdramatisk kamp i Vestnes idrettspark laurdag. [HER KAN DU SJÅ VIDEO AV SKÅRINGA SETT FRÅ TRIBUNEPLASS.](#) (Foto: Airidas Skirgaila)

Eitt poeng betyr at Vestnes Varfjell beheld 9.-plassen også på sluttabelen og spelar i 4. divisjon også neste sesong. Det eine poenget kan også halde for ÅIF som heldt Elnesvågen (direkte nedrykk) og Averøykamertene bak seg etter at AK vann 3-0 i den andre "nedrykksfinalen". [SJÅ SLUTTABELLEN HER](#)

[SJÅ BILDEGALLERI HER](#)

[SJÅ HEILE KAMPEN I OPPTAK I VARFJELL-TV \(Foto: Asbjørn Vik\)](#)

Amund Stavem hadde kampens første goda avslutning, men det var ÅIF opna best i skjebnekampen og gjekk tidleg opp i 2-0. Først eit etter innlegg inn i feltet så eit skot frå utanfor 16-meteren. Tommy Kanishi hadde to sjansar til å redusere frå skot på keeper og aleine med

Berga plassen etter overtidsdrama!

Skrive av administrator

laurdag 19. oktober 2019 16:11 - Sist oppdatert måndag 30. desember 2019 15:47

keeper som fekk rydda opp. Heldigvis hadde Amund Stavem dagen. Han sørga aleine for at det sto 2-2, Først reduserte han på eit straffespark han sjølv skaffa før pause, før han tråkla seg fri med fleire lekke teknisk detaljar og utlikna frå kloss hald tidleg i andre omgang. 2-2 sto seg lenge, men ti minutt før slutt gjekk ÅIF opp i leiinga 3-2 etter eit skot i krysset frå første stolpe, og sendte heimelaget ned på den høgst usikre 11.-plassen på tabellen. Dermed måtte Varfjell satse alt framover, og heldigvis kom utlikninga på overtid. Eit langt framspel frå Liam Connor der Vegar Skare vann i lufta og ballen gjekk i boge over ÅIF-forsvaret ein utrusande keeper og i spratt sakte, men sikkert inn i det tomme målet. Skåringa kom etter at laget hadde skapt sjansar på rekke og rad. Også på 2-2 hadde laget mange sjansar, så det var i alle fall fullt fortent då utlikninga kom. Me noterte fleire skot utanfor frå Amund Stavem, heading like utanfor frå Ørjan Tangen på corner og eit skot frå halv volley frå Elling Olfasen som keeper redda. Åif hadde også eit par sjansar i tillegg til skåringa

Kampens gode dommar hadde lagt til over fire minutt, men kampen ebba ut utan meir dramattikk og heimelag og heimepublikummarar kunne sleppe jubelen laus.

Over 150 tilskuarar frå heile sørsida av Romsdalsfjorden hadde tatt turen i det fine haustveret.

KAMPFAKTA:

Vestnes Vafjell - Åndalsnes 3-3 (1-2)

4. divisjon Nordmøre/Romsdal

Laurdag 19. oktober 2019 kl 15

Vestnes idrettspark, 150 tilskuarar

Mål:

Berga plassen etter overtidsdrama!

Skrive av administrator

laurdag 19. oktober 2019 16:11 - Sist oppdatert måndag 30. desember 2019 15:47

0-1 (9) Sindre Ramskeid

0-2 (15) Andreas Helle

1-2 (35) Amund Stavem, straffespark

2-2 (48) Stavem

2-3 (78) Sindre Hammervold

3-3 (90 +1) Vegar Skare

Dommar: Magnus Lysø, Rørvik IL

Gult kort: Erlend Bale (51) og Sindre Hammervold (71), begge ÅIF

Laget: Fredrik Bergslid; Ørjan Tangen, Sivert Nerheim, Liam Connor, Håkon Kjørvik (Adrian Liabø 88.) - Vegar Skare, Karl Arne Stokkeland (Elling Olafsen 45.), Vegard Ellingseter - Amund Stavem, Tommy Kanishi Andreassen, Juan Richard Larsen (Knut Stian Eik 85.)

Berga plassen etter overtidsdrama!

Skrive av administrator

laurdag 19. oktober 2019 16:11 - Sist oppdatert mandag 30. desember 2019 15:47
